

Dagmar Ølnes Lotsberg
Vedlegjerdet
6856 Sogndal

Sogndal, 9. januar 2010

Sogndal kommune
v/rådmannen
6856 Sogndal

Kommentar til brev frå Johannes Idsø av 30.12.2009 i F-sak 43/09 (sak nr. 09/1030)

Eg har fått kopi av eit brev som Johannes Idsø sende til rådmannen den 30. desember i fjor, same dagen som rådmannen vart sitert slik i Sogn avis: *"Eg trur saka er prega av finjuss og skjønsmessige vurderingar"*. Oppslaget i Sogn avis gjev inntrykk av at Sogndal kommune ikkje vil foreta seg noko i saka. Derfor finn eg det svært merkeleg at Johannes Idsø innleier brevet sitt med at saka er oversend til ny handsaming hos fylkesmannen *på oppfordring frå sakshandsamar*. Dette er ein så uvanleg framgangsmåte, at eg vil be om at kontrollutvalet ser nærare på både rådmann, ordførar og forvaltningsutval sine roller i denne saka.

Eg er elles kjend med at Johannes Idsø har stilt spørsmål ved ei byggjesak frå 2006 og skulda meg for at eg i klagen min av 20. juni 2009, heldt tilbake *"opplysninger av vesentlig betydning"*. Svaret frå Sogndal kommune av 23.12.2009, viser at Johannes Idsø ikkje hadde dekning for denne sterke skuldinga mot meg. Det kom ikkje fram nye opplysningar som gjev kommunen sin sakshandsamar grunn til å oppfordre fylkesmannen om å vurdere F-sak 43/09 på nytt. Eg vil derfor oppmode rådmannen om å syte for at heile administrasjonen i Sogndal kommune respekterer fylkesmannen sitt vedtak av 14.12.2009. Det er rådmannen si oppgåve å følgje opp det endelege vedtaket i byggjesaka sjølv om både sakshandsamar og rådmann er ueininge i fylkesmannen sine juridiske vurderingar.

Eg ber om å få kopi når rådmannen svarar Johannes Idsø på brevet. Eg ber også om å få kopi av eventuelle nye brev frå kommunen til fylkesmannen i denne saka.

Brevet frå Johannes Idsø inneheld kraftig kritikk av fylkesmannen og til dels Sivilombudsmannen sine vurderingar. Eg sender kopi til fylkesmannen slik at han får høve til å svare direkte på denne kritikken.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Kopi (med kopi av brev frå Johannes Idsø av 30.12.2009) til:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Sak. nr. 09/3512, arkiv nr. 423.1)
- Kontrollutvalet i Sogndal kommune